

## Årsmøte i Nordfjord Golfklubb for sesongen 2008

Årsmøtet vart halde på Stokkenes Gjestegård, fredag 30.01.2009 frå kl 19:00 til 20:00  
Det var totalt 16 frammøtte. Frå styret møtte Kent Tryggestad, Knut Rønnestad, Helge  
Haugland, Agnar Kvalsund og grunneigarane Svein Fjørtoft og Gitta ter Stege. Årsmøte-  
deltakarane vart ynskete velkomen av styreformann Kent Tryggestad.

### Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
2. Val av møteleiar, referent og 2 medlemar til å skrive under protokollen.
3. Styret si årsmelding.
4. Rekneskap og budsjett.
5. Regulering av: kontingent, greenfee årskort og baneandelar
6. Planlegging av 10 års jubileum i Nordfjord golfklubb
7. Val av leiar.
8. Val av styremedlemar, varamedlemar og komitémedlemar
9. Eventuelt.

## Protokoll for Nordfjord GK

### 1. Godkjenning av innkalling og dagsorden.

Innkalling til årsmøte og sakliste var annonsert i rett tid før årsmøtedato i Fjordabladet. I tillegg var saklista lagt ut på golfklubben sine nettsider. Ingen hadde merknader til innkalling og dagsorden.

Vedtak: Innkalling og dagsoden vart samrøystes godkjend

### 2. Val av møteleiar, referent og 2 medlemar til å skrive under protokollen.

Vedtak: Årsmøtet valde samrøystes:

Møteleiar,	Kent Tryggestad
Referent,	Knut Rønnestad
Protokollunderskriving,	Per Jan Nesbakk og Agnar Kvalsund

### 3. Styret si årsmelding.

Styret si årsmelding vart opplesen av møteleiar.

Vedtak: Årsmeldinga vart samrøystes godkjend.

### 4. Rekneskap og budsjett.

Helge Haugland presentere rekneskapet for sesongen 2008 og budsjett for sesongen 2009.

Vedtak: Rekneskapen for 2008 og budsjett for sesongen 2009 vart samrøystes godkjend av årsmøtet.



## 5. Regulering av: kontingent, greenfee årskort og baneandelar.

Vedtak: Årsmøtet vedtok samrøystes følgjande regulering for medlemskontingent og greenfee årskort:

Medlemskontingent for sesongen 2009 (2008- satsane i parantes)

- Voksen 975,- (850,-)
- Par 1800,- (1500,-)
- Junior 500,- (500,-)
- Born 100,- (100,-)

Greenfee årskort for sesongen 2009 (2008- satsane i parantes)

- Voksen 2000,- (1500,-)
- Par 3000,- (2500,-)
- Junior 500,- (500,-)
- Born 100,- (100,-)

Greenfee for sesongen 2009 (2008- satsane i parantes)

- Voksen 200,- (200,-)
- Born 50,- (50,-)

Styret og dagleg leiar får fullmakt av årsmøtet til å lage pakkeløysingar for særskilde grupper av medlemar og spelarar.

## 6. Planlegging av 10 års jubileum i Nordfjord golfklubb

Årsmøtet diskuterte ulike måtar å markere 10 årsjubileumet til Nordfjord Golfklubb på.

Vedtak: Årsmøtet vedtok samrøystes å overlate planlegginga av jubileumet til styret.

## 7. Val av leiar.

Vedtak: Årsmøtet gjorde samrøystes vedtak om attval av Kent Tryggestad.

## 8. Val av styremedlemar, varamedlemar og komitémedlemar

Valnemnda har bestått av Per Jan Nesbakk og Arild Hjelmeland. Nemnda har gjort ein svært god jobb og valet blei gjennomført utan vanskar.

Vedtak: Følgjande valprotokoll vart samrøystes godkjend av årsmøtet:

### **Valprotokoll for sesongen 2009**

Gruppe	Verv	2004	På val
Styre	Leiar	Kent R. Tryggestad	2010
	Nestleiar	Bodil Rasmussen	2010
	Sekretær	Bjørn Lien	2011
	Kasserar	Helge Haugland	2011
	Medlem	Agnar Kvalsund	2010
	Medlem	Trond kroken	2010
	Vara	Sonja Borhaug	2010
	Medlem/ grunneigar	Svein Fjørtoft	-
	Medlem/ grunneigar	Gitta sas ter Stege	-
	Gøntkort/ Handikapkomité	Leiar	Dagfinn Gjerde
Knut Rønnestad			2011
Kent R. Tryggestad			2011
Marknadsgruppe	Leiar	Trond Kroken	2010
		Bjørn Lien	2011

		Gunnar Olsen	2010
Sportskomité	Leiar	Gitta ter Stege Jan Skogstad Agnar Kvalsund Knut Rønnestad	2010 2011 2011 2011
Banekomité	Leiar	Tore Naustdal Per Bøen John Matias Garlid Agnar Kvalsund Ivar Bjarte Nord Svein Fjørtoft Gitta ter Stege	2010 2011 2010 2010 2010 - -
Damegruppe	Leiar	Bodil Rasmussen Kari Bergheim Cindi Rasmussen Torill Fjørtoft	2010 2010 2010 2010
Idrettsrådet	Leiar Vara	Torill Fjørtoft Arild Hjelmeland	2010 2010
Skulekontakt	Leiar	Peder Felde	2010
Valnemnd	Leiar	Arild Hjelmeland Per Jan Nesbakk	2011 2011

## 9. Eventuelt.

- Årsmøtet diskuterte ulike modellar for å auke det lokale engasjementet, med særskilt tanke på damer og jenter. Det vart sett fram forslag om å freiste å få leige inn «pro» til ein eller fleire instuksjonskveldar, særskilt retta mot damer og jenter. Vedtak: Årsmøtet vedtok samrøystes å la styret/ damegruppa organisere slik aktivitet i løpet av sesongen.
- Eit anna forslag til fremme for lokalt engasjement er å oppmode alle lokale medlemmar til å ta med seg ein ven på golfbana for ei lita innføring i golfsporten. Vedtak: Årsmøtet gjorde samrøystes vedtak om dei som ønskjer å få ei lita innføring i golfsporten, saman med ein medlem i Nordfjord Golfklubb, skal sleppe å betale greefee- avgift.

Nordfjordeid, / -2009

Nordfjordeid, / -2009

.....  
Per Jan Nesbakk

.....  
Agnar Kvalsund